

# Renovasjonsforskrift for handtering av hushaldsavfall og slam frå private hushald i kommunane Strand, Hjelmeland og Suldal

*Fastsett av Hjelmeland kommunestyre 2.11.2023, Strand kommunestyre 14.12.2023 og Suldal kommunestyre 15.12.2022, med heimel i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven).*

## § 1 Formål med forskrifa

Forskrifta skal sikra lik utføring av regelverket for ei sikker og hygienisk oppbevaring, innsamling og transport av avfall frå hushald og fritidsbustadar i dei kommunane som er tilslutta innsamlingstenesta for avfall i IVAR IKS (heretter berre IVAR). Forskrifta skal bidra til at renovasjonstenesta inkluderer estetikk, universell utforming og ei sikker utøving av tenesta.

IVAR vil bidra til ei forsvarleg innsamling og sluttbehandling av hushaldsavfallet ved å fremja dei norske politiske målsettingane i avfallspyramiden, redusera mengda farlege stoff i avfallet og å redusera klimagassutsleppa. Forskrifta skal bidra til å oppnå måla i IVAR og kommunane sitt klima- og miljøarbeid.

## § 2 Kommunen si plikt

Kommunen sitt ansvar for levering, oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling blir utført av det interkommunale renovasjonsselskapet IVAR.

## § 3 Definisjonar

### *Abonnent*

Eigar eller langsiktig fester av eigedom som blir omfatta av den kommunale avfallsordninga.

### *Avfall*

Kasserte lausøyregjenstandar eller stoff, jf. Forureiningslova § 27. Som avfall blir også overflødige lausøyregjenstandar og stoff frå tenesteyting, produksjon og reinseanlegg med meir rekna med.

### *Avfallsbeholder*

Mindre eining, under 1 m<sup>3</sup>, for innsamling av avfall og plassert på bakkenivå.

### *Avfallspyramide*

Avfallspyramiden bygger på avfallshierarkiet, ein figur som illustrerer prioriteringane i norsk avfallspolitikk og EUs rammedirektiv for avfall. Avfall skal behandlast så nær toppen av hierarkiet som mogleg.

### *Bruk*

Den som dagleg bruker oppsamlingsseininga.

### *Farleg avfall*

Avfall som ikke hensiktsmessig kan behandlast saman med anna hushaldsavfall fordi det kan føra med seg alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr.

### *Fellesabonnement*

Fleire abonnentar går saman om felles oppsamlingsseining for ein eller fleire avfallstypar. Ein av abonnentane i fellesabonnementet må stå ansvarleg overfor kommunen, og kvar enkel eigedom som inngår i fellesabonnementet står økonomisk ansvarleg for sin del av fellesabonnementet.

### *Gjenvinningsstasjon*

Spesielt tilrettelagt område med organisert oppsamling av sortert eller blanda avfall.

Mottaksplassen er bemanna.

### *Hageavfall*

Organisk avfall frå privat hage.

### *Hushaldsavfall*

Avfall frå private hushald, hytter og fritidsbustadar, og inkluderer større gjenstandar som inventar og liknande.

### *Kjeldesortering*

Sortering av avfall ved kjelda, der avfallet oppstår.

### *Konteinar*

Eining større enn 1 m<sup>3</sup> for oppsamling av avfall.

### *Næringsavfall*

Avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar.

### *Oddsamlingseining*

Eining til å kasta avfall i, som kan ha mange ulike størrelsar og vera plasserte over eller under bakken.

### *Rejektvatn*

Med rejektvatn meiner ein den flytande delen av innhaldet i det volumet som blir tømt i sanitæranlegget dersom det vert nytta tømmebil som kan separere slamvolumet.

### *Renovasjonsgebyr*

Gebyr som blir fastsett til dekning av kostnadar knytt til handtering av hushaldsavfall, irekna innsamling, transport, mottak, oppbevaring, behandling og etterkontroll med meir.

Kostnadane omfattar både kapital- og driftskostnadar, og skal fullt ut dekkast av dette gebyret. Gebyrinntektene skal ikkje overstiga dei kostnadane kommunen har med hushaldsavfallet. Skuldig avfallsgebyr er sikra med lovbestemt pant.

### *Renovasjonsteknisk plan*

Samla plan for korleis praktisk renovasjon skal settast i verk og gjennomførast i ei planlagt utbygging.

### *Renovatør*

Avdeling eller renovasjonsselskap som utfører innsamling av hushaldsavfall på vegne av IVAR IKS.

### *Restavfall*

Blanda usortert avfall, eller rest som står att etter sortering.

### *Sanitæranlegg*

Reinseinnretning og samlekummar for sanitært avlaupsvatn.

### *Slam*

Oppsamla volum frå sanitæranlegg som slamavskiljar, samlekum for avslamming av sanitært avløpsvatn, minireinseanlegg, oppsamlingstankar for avlaupsvatn som ikkje er handtert m.m.

### *Smittefarleg avfall*

Avfall frå medisinsk behandling som kan vera smittefarleg for andre menneske og dyr.

Eksempel på dette kan vera avfall som er direkte forureina og avfall som har vore i direkte kontakt med smitteberande personar/pasientar.

### *Våtorganisk avfall:*

Lett nedbrytbart organisk avfall, slik som matavfall og lett nedbrytbart hageavfall (gras, lauv, med meir).

## **§ 4.Verkeområde**

Forskrifta gjeld alle registrerte grunneigedommar i kommunen der det oppstår hushaldsavfall, her irekna alle heilårsbustadar, fritidsbustadar og andre bygg som blir brukte som bueiningar i kommunen. Dette gjeld også festa grunn og seksjonerte delar av bygningar.

Forskrifta omfattar kjeldesortering, oppsamling, oppbevaring, innsamling og transport av hushaldsavfall.

Forskrifta gjeld også oppsamling og innsamling av farleg avfall frå hushald og bedrifter der mengda ikkje overstig grensa som til ei kvar tid gjeld i Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta).

Forskrifta fastset reglar for renovasjonsgebyr.

IVAR kan gje nærmere retningslinjer for etablering av avfallsløysingar samt gjennomføring av forskrifta sine bestemmingar.

## § 5. Kommunal innsamling av hushaldsavfall

Det er tvungen renovasjonsordning for alle eigedommar nemnde under §3, første ledd.

For eigedommar som ikkje har tilgang til ordinær innsamlingsordning, kan IVAR IKS gje dispensasjon til anna renovasjonsløysing.

IVAR IKS bestemmer kva for ei renovasjonsordning som er aktuell for fritidseigedommar, herunder type beholder/container og plassering av desse, og om innsamlinga berre skal skje visse delar av året. Fritidseigedommar kan søka om å få den same renovasjonsordninga som private hushald har.

Det er ikkje tillat å brenna avfall utandørs, grava ned eller legga avfall i naturen, jf. § 28 i forureiningslova og kommunen si forskrift om open brenning av avfall i småomnar.

Utan IVAR IKS sitt samtykke må ingen må samla inn hushaldsavfall, jf § 30 i forureiningslova.

Farleg avfall må ikkje blandast med anna avfall. Ulike typar farleg avfall skal ikkje blandast dersom dette kan føra med seg fare for forureining, eksplosjon eller brann ved innsamling og behandling.

## § 6. Kommunal tømming av slam

IVAR har ansvar for communal slamtømming i kommunen.

I samsvar med forureiningslova § 26 er det tvungen communal slamtømming for sanitäranlegg knytt til hushaldningar og fritidsbustadar. Dette inkluderer og fellesanlegg for fleire hushaldningar/fritidsbustadar. Alle eigedomar i IVAR der det oppstår slikt slam, jf. § 2 i denne forskrifta, er omfatta av ordning for slamtømming. Ingen kan utføra slamtømming av sanitäranlegg utan skriftleg løyve frå IVAR.

Ved tømming av anlegg der det blir oppdaga feil eller manglar, vil det bli gitt melding vidare til IVAR. IVAR vil følgja opp anlegget i forhold ti Forureiningsforskrifta og lokale forskrifter som er heimla i Forureiningslova.

Eigar har plikt til å føra tilsyn med anlegget. Dersom anlegget ikkje blir tømt slik det er planlagt, eller avtalt, skal eigaren av anlegget ta kontakt med IVAR for å syta for at tømming blir utført. IVAR er ikkje ansvarleg for skader og ulemper på grunn av tiltetting eller liknande. Abonnenten har plikt til å føra tilsyn slik at anlegget ikkje fløymer over.

Dersom det er fare for oppdrift av sanitæranlegget når det er tømt, er abonnenten ansvarleg for at anlegget er tilstrekkeleg forankra. Der leverandøren har lagt til grunn at anlegget må fyllast med vann etter tömming, er abonnenten ansvarleg for at dette blir gjort.

IVAR skal syte for tömming i forhold til tömmeplanen. Tömming vil i hovudsak bli utført på snøbar mark. Abonnenten pliktar å innordna seg etter IVAR sin tömmeplan. Tömminga vil normalt sett skje områdevis.

Varsel om tömming blir sendt i posten, eller kunngjord på anna vis dersom IVAR finn dette meir tenleg.

Dersom tilkomst eller andre forhold tilseier at aktuell tömmedag er uaktuell, har abonnenten plikt til å melda dette til IVAR, slik at ny tömmedato kan avtalast.

Abonnenten skal syta for at sanitæranlegget er lett tilgjengeleg for tömming med bil. Krava til køyrbar veg må vera oppfylte. Avstanden frå tilkomstpunkt til bilen må ikkje vera over 30 meter, og sugehøgd må ikkje vera over 5 meter. Når tömmevarsel er sendt ut, skal deksel/lokk over anlegget vera rydda for fyllmassar som jord, sand, grus, osv. samt snø og is. Låste lokk lokk skal vera opne, slik at dei lett kan løftast av. Abonnenten skal syta for at sanitæranlegget som skal tömmast er lett synleg for tömmeoperatøren.

På øyar, utan samband med bilferje, må sanitæranlegget vera tilgjengeleg frå båt eller traktor. Avstanden frå tilkomstpunkt, til båten eller traktoren, må ikkje vera over 30 meter, og sugehøgd må ikkje vera over 5 meter. IVAR kan setta krav til djupne.

Dersom slamanlegg eller tilkomstveg ikkje er klargjort etter førehandsvarsling, vil anlegget ikkje bli tømt. Alle ekstrautgifter i samband med bomtur/ekstratømming må dekkast av abonnenten.

Dersom det oppstår behov for hyppigare tömming av eit anlegg, enn det tömmeplanen tilseier, må abonnenten bestilla tömming hos IVAR. Abonnenten må sjølv dekke kostnaden for ekstratømminga.

Ved tömming av eit anlegg, har IVAR rett til å plassera nødvendig tömmeutstyr på eigedomen. Det er abonnenten sitt ansvar å på sjå til at det er gjort nødvendige avtalar med naboor/grunneigarar, ang. til dømes vegrett, for å få utført nødvendig tömming.

IVAR eller kommunen har ikkje ansvar for vedlikehald og/eller skader på privat veg og eigedom i samband med slamtømminga.

Tömming av sanitæranlegg skal skje i forhold til vilkår i utsleppsløyve eller i forhold til IVAR sine rutinar. Standard tömmefrekvens er:

Type anlegg	Tömmefrekvens
Slamavskiljar for fast bustad	minimum kvart 2. år
Slamavskiljar for fritidseigedom	minimum kvart 4. år

Minireinseanlegg	minimum årleg
Tett tank	minimum årleg

IVAR kan krevja andre tømmefrekvensar for eit anlegg dersom dette er nødvendig.

IVAR har rett til å tilbakeføra eventuelt rejektvatn frå slambil til anlegget ved tømming.

Tømming skal utførast slik at dei som bur, eller bruker eigedomen, ikkje blir unødvendig plaga av støy og lukt.

Tømming av sanitæranlegg, for anna verksemد enn bustad og fritidsbustad, blir regulert i utsleppsløyve eller avtalt i kvart enkelt tilfelle.

## § 7 Plassering og tømming av behaldaren

Generelt skal både abonnent og renovatør retta seg etter gjeldande regelverk for trafikksikkerheit og framkome, inkludert politivedtekt, vegenorm, Vegvesenet si handbok for veg- og gateutforming samt krav til universell utforming.

### Abonnenten sine plikter

Abonnenten skal fortrinnsvis plassera avfallsbehaldarane fram til eigedomsgrense mot køyrbar veg. Handtaket skal primært venda ut mot vegen, men det må tas omsyn til vindretning for å unngå at lokket bles opp. Behaldaren skal settast ut for tømming med lukka lokk.

Det er av omsyn til trafikksikkerheit ikkje lov å bruka fortau eller gang-/sykkelveg til oppstilling av avfallsbehaldarar. Dette gjeld både permanent plassering og plassering på tømmedag.

Dersom avfallsbehaldaren ved tømming, av praktiske omsyn, ikkje kan plasserast på eigen eigedom, for eksempel på grunn av trapp, port, vegrabatt eller andre hindringar, kan kommunen godkjenna, tilvisa og eventuelt merka av alternativ plassering.

IVAR kan også visa til eigne tilpassa renovasjonsløysingar av omsyn til trafikksikkerheit, tilkomst for renovasjonsbil, vegstandard, anleggsarbeid og værforhold.

I område med spreidd busetnad, som medfører mykje køyring for å tømme få behaldarar, kan det innførast ein annan hentefrekvens enn det som er standard. Abonnentane i slike område kan då få utdelt ein annan type oppsamlingsutstyr.

I periodar med snø/is kan det vera nødvendig å ha ei anna plassering av avfallsbehaldar, som blir sette fram for tømming, enn resten av året.

I spesielle tilfelle kan IVAR bestemma anna hentehyppigheit, eller at innsamling berre skal skje visse delar av året.

Behaldarane skal plasserast på eit så fast og plant underlag som mogleg, og slik at dei kan trillast av renovatøren utan løft. Underlag av jord, grus eller liknande bør unngåast.

Behaldarane må kunna tømmast utan hindring av nokon art som trapper, mur-kalekantar, hekter, gjerder eller liknande. Hekter eller tau på/over lokk skal løysast før tømming.

Abonentar, her også deltakarar i fellesabonnement, kan skriftleg avtala ei anna plassering av behaldarar enn det som er fastsett ovanfor. Alternativ plassering kan løysa ut ein tilleggskostnad som blir lagt på renovasjonsgebyret.

På tømmedagen, må alle avfallsbehaldarar som skal tømmast aktuell dag, vera sette fram på hentepunktet innan kl. 6.00.

Abonenten/brukaren pliktar å følgja med i tømmekalender, app eller annan informasjon som er gjeven om avfallshenting for høgtidsdagar, helgedagar samt eventuelle endringar som er følge av anleggs- og gravearbeid.

Abonenten/brukaren skal, så snart det er mogleg etter tømming, setta avfallsbehaldarane tilbake på eiga tomt/grunn.

#### **Renovatøren sine plikter**

Renovatøren er ikkje plikta til å setta på plass eventuelle festeanordningar for dunken etter tømming.

Renovatør skal etter tømming setta avfallsbehaldarane tilbake på same stad som dei sto før tømming.

Der det er spesielt tilrettelagt samleplass for behaldarar, pliktar renovatøren berre å tømme behaldarar som er sette ut på samleplassen.

Renovatør er berre pliktig til å ta med avfall som er plassert i sjølve oppsamlingsbehaldaren.

Avfallet skal hentast rutinemessig etter oppsettet i tømmekalenderen.

Innsamlinga skal utførast slik at bebruarane ikkje unødig blir sjenera av støy, lukt og støv. Behaldarane skal settast ut til tømming i lukka stand. Eventuelt søl frå sjølve tømminga skal fjernast av renovatør.

#### **§ 8 Kjeldesortering og oppbevaring av hushaldsavfall**

Avfall som blir omfatta av den kommunale renovasjonsordninga skal kjeldesorterast slik kommunen til ei kvar tid bestemmer. Det blir vist til IVAR si nettside for informasjon om ytingar, krav og spesifikasjonar for dei ulike ordningane.

Hushaldsavfall skal kjeldesorterast, og til ei kvar tid kastast, slik IVAR informerer om. Kjeldesortert avfall skal haldast skilt og kastast i eigne behaldarar, eller konteinrarar som står heime hos hushaldet, på eit samlepunkt, eit returpunkt eller på ein gjenvinningsstasjon. Det er ikkje lov å legga andre typar avfall i oppsamlingseininga enn det ho er meint for.

Alle bustadar skal ha den behaldartypen, og så mange behaldarar, som IVAR fastset. Størrelsen på behaldar kan vera fast, eller abonnenten kan velja. IVAR kan pålegga fleire abonnentar å bruka fellesbehaldarar som oppsamlingseiningar over eller under bakken når dette er hensiktsmessig.

Fleire abonnentar kan søka om fellesabonnement der to eller fleire naboar kan ha felles oppsamlingseiningar for ein eller fleire avfallsfraksjonar.

IVAR kan tilby ordning for heimekompostering av mat- og/eller hageavfall som alternativ til behaldar for innsamling av våtorganisk avfall. Det er ein føresetnad at kompostering skjer på ein hygienisk tilfredsstillande måte (varmkompostering) og på eigen eigedom.

## § 9 Avfallsutstyr og abonnement

IVAR eig avfallsbehaldarane og har ansvar for at dei blir sett ut til abonnenten.

Avfallsbehaldarar og anna avfallsutstyr som IVAR eig, skal følga eigedommen ved kjøp og sal.

IVAR har ansvar for å reparera eller skifta ut behaldar som er skada eller øydelagd. IVAR avgjer når ein behaldar må reparerast eller skiftast. Ved skadar på behaldaren som skuldast akløyse frå abonnenten, kan kommunen krevja at behaldaren blir skifta ut for abonnenten si rekning.

Behaldarane skal plasserast inne på eigedommen for å redusera risiko og konsekvensar av ein eventuell brann i behaldarane.

Abonnenten/brukaren skal reingjera avfallsbehaldarane etter behov. I særlege tilfelle kan, etter førehandsvarsle, reinhald utførast av IVAR på abonnenten si rekning.

Endring av abonnement skal skje skriftleg. Det blir vist til IVAR si nettside for informasjon om ulike abonnementsordningar og størrelse på behaldarar, prosedyre for søknad om nytt renovasjonsabonnement, endring av abonnement og søknad om dispensasjoner.

Abonnement kan berre seiast opp ved flytting eller overdraging av eigedom. Abonnementet gjeld til det lovleg blir sagt opp av abonnent og IVAR har bekrefta oppseininga skriftleg.

## § 10 Vektgrenser og avvik ved tömming av behaldarar

### Vekt

Av omsyn til renovatøren sitt arbeidsmiljø er det utarbeida vektgrenser for maksimal tyngde på behaldarar og sekker som skal tömmast.

Vekt per behaldar skal ikkje overstiga:

100 liters sekk	25 kg
120 liters behaldar	45 kg
140 liters behaldar	50 kg
240 liters behaldar	60 kg
660 liters behaldar	100 kg
770 liters behaldar	110 kg

#### Overfylte behaldarar

Avfallsbehaldarane må ikkje overfyllast, og må ikkje pakkast fastare med avfall enn at dei lett kan tømmast. Lokket skal haldast lukka. Avfall som er plassert ved sida av behaldaren vil ikkje bli teke med. Har du ekstra avfall kan du kjøpa ekstrasekk, sjå IVAR si nettside.

#### Avfall som heng fast i behaldaren

Avfallet må ligga laust i behaldaren og ikkje vera så samanklemt at behaldaren ikkje let seg tømma på skikkeleg vis. Om vinteren kan avfall frysa fast i behaldaren. Det er abonnementen si plikt å løysa fastfrose avfall.

#### Oske, sot og pussestøv

Laust avfall som kald oske, sot og pussestøv skal av omsyn til renovatøren sitt arbeidsmiljø pakkast inn og kastast i den behaldaren kommunen informerer om på nettsida, slik at det ikkje blir frigjort under tømming.

#### Avfall som ikkje skal i behaldaren

Sjå IVAR si nettside for gjeldande retningslinjer for kjeldesortering, oppbevaring og levering av avfallet under:

*Døde kjæledyr samt større mengder slakte- og fiskeavfall*

Vil gje uhygieniske og uetiske forhold i behaldaren, renovasjonsbilen og behandlingsanlegget.

*Farleg avfall og EE-avfall (elektrisk/elektronisk avfall)*

Skal leverast separat til godkjent mottak. Nokre kommunar har henteordning.

#### Jord, stein og grus

Gjev for tung behaldar og fører til problem i behandlingsanlegget.

*Medisinar.* Skal leverast til apotek.

*Medisinsk risikoavfall/smittefarleg avfall.*

Skal leverast i eigen ordning etter prosedyre.

*Varm oske, eksplosiv eller sjølvtennande stoff (inkludert varme eingongsgrillar)*

Kan føra til eksplosjon og opptenning i behaldar, renovasjonsbil og behandlingsanlegg.

## § 11 Krav til køyrbar veg

Køyrbar veg (fylkeskommunale, kommunale og private) har tilfredsstillande breidde, fri høgde, stigningsforhold, snu-forhold og møteplassar som gjer vegen framkommeleg for ein renovasjonsbil. Køyrbar veg har ein vegstandard som er etter kommunen si gjeldande vegnorm. Kommunen kan setta krav om alternativ plassering av behaldarane dersom køyreforholda ikkje er tilfredsstillande.

IVAR IKS kan gje dispensasjon frå gjeldande vegnorm etter søknad.

Vinterstid kan glatt vegbane føra til at vegen ikkje kan reknast som køyrbar og kommunen kan dermed tilvisa alternativ plassering av avfallsbehaldarane.

## § 12 Retningslinjer for hygienisk handtering av avfall og smitteavfall

Den lokale helsemynda har ansvar for å sjå til at handtering av avfall skjer i samsvar med kommunehelsetenestelova, og kan på sjølvstendig grunnlag fastsetta vilkår som sikrar hygienisk oppbevaring og disponering av avfallet.

All handtering av avfall etter denne forskriften skal skje i samsvar med sentrale og lokale helsemynde sine retningslinjer og vilkår.

Smitte- og risikoavfall skal til ei kvar tid samlast inn og behandlast på den måten IVAR IKS si helsemynd bestemmer.

## § 13 Renovasjonsavgift, innkrevjing og renter

Kostnaden som IVAR/kommunen har på avfallssektoren skal, etter forureiningslova og regelverk om sjølvkost, dekkast av renovasjonsavgifta. Renovasjonsavgifta kan differensierast for å stimulera til ein kostnads- og miljømessig best mogleg avfallsinnsamling og -behandling.

Abonnenten skal betala renovasjonsavgift til IVAR for både pålagte og frivillig valte tenester etter den kommunale renovasjonsordninga.

Legetakar av ein eigedom kan unntaksvis stå som abonnent, men eigaren kan uansett gjerast økonomisk ansvarleg for legetakars plikt overfor kommunen eller IVAR.

Struktur på renovasjonsavgifta og satsar blir vedtekne årleg av kommunestyret. Det blir vist til kommunen sitt gebyrvedtak og nettside for meir informasjon.

Renovasjonsavgifta, med eventuelle renter og kostnadene, er sikra med lovbestemt pant etter pantelova sin § 6-1.

Om renteplikt ved for sein betaling, tilbakebetaling og inndriving av renovasjonsavgift, gjeld lov om eigedomsskatt til kommunane, §§ 26 og 27.

Abonnenten pliktar å melda inn endringar som kan ha innverknad på abonnementet på eigedommen, slik som alle eigarskifte, adresseendringar og eventuelle bruksendringar.

Det er eigar av eigedommen som er ansvarleg for renovasjonsavgifta.

Abonnementen pliktar å melda inn endringar som kan ha innverknad på abonnementet på eigedommen, slik som alle eigeskifte, adresseendringar og eventuelle bruksendringar.

Renovasjonsgebyret for slam er ei årleg avgift. Gebyret varierer i forhold til størrelsen på slamtanken, type sanitæranlegg, omfanget av tenesta, talet på tilknytt abonentar og tømmefrekvens. Stadar med spesielt vanskeleg tilkomst, kan få eit ekstra gebyr.

### § 14 Klage, pålegg, sanksjon og søknad om fritak og dispensasjon

IVAR IKS kan i enkeltsaker, og etter søknad, gje fritak eller dispensasjon frå bestemmingane i denne forskrifta dersom sørlege grunnar tilseier det.

Gjeldande retningslinjer og regelverk for søknad om fritak eller dispensasjon frå renovasjonsordninga eller renovasjonsgebyret, finn du på IVAR si nettside.

Ved brot på bestemmingane i denne forskrifta, kan IVAR gje pålegg om å retta opp forholdet. Melding om dette kan gjevast skriftleg med avvikslapp som blir festa til avfallsbehaldaren av IVAR sin renovatør, eller med brev til abonnementen frå IVAR. Dersom forholdet ikkje blir retta opp kan IVAR krevja betaling for ekstra tilkomne kostnadar.

IVAR kan pålegga abonnementen å endra abonnement ved behov, og dermed auka behaldarvolumet for å unngå uheldig eller uhygienisk oppsamling av avfallet.

Enkeltvedtak etter denne forskrifta kan klagast på etter forvalningslova. Klage skal sendast skriftleg til kommunen og blir avgjord av IVAR sitt ankeutval/klagenemnd.

Forhold som er direkte regulerte i denne forskrifta kan ikkje påklagast.

Overtreding av renovasjonsforskrifta kan utover dette straffast med bøter etter forureiningslova § 79.

### § 15 Delegering

Den kompetanse til å fatta enkeltvedtak, som er tillagt kommunen i denne forskrifta, er delegert til IVAR med heimel i Forureiningslova § 83.

### § 16 Tekniske bestemmingar

Renovasjonsforskrifta stiller krav til utarbeiding av renovasjonsteknisk plan ved reguleringsplanlegging og byggesaksbehandling.

IVAR IKS si avfallsnorm fastset prosedyrar for utarbeiding av ein renovasjonsteknisk plan. Planen skal mellom anna visa tekniske løysingar for utforming av avfallsrom, plassering av renovasjonsløysingar, universell utforming og om veg og snuforhold er framkommeleg for renovasjonsbilen. Renovasjonsteknisk plan skal ligga føre ved alle reguleringssaker, detaljregulering og byggesaker som omfattar avfallseigarar og offentleg eller privat

renovasjon. Renovasjonsteknisk plan skal behandlast/godkjennast av kommunen eller annan instans som er delegert denne mynda.

#### [§ 17 Inkraftsetjing](#)

Denne forskrifta trer i kraft ved kunngjering. Frå same dato blir forskrift for.....frå..... oppheva.